

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 3 2008

Sluttar av etter 34 år

Hobby Maks as er historie på Varhaug.

Utstilling på Lerbrekk

Keramikk og maleri-utstilling pågår nå. I pinsehelga vert det trearbeid.

Plast-is på Varhaug

Isbanen på Varhaug er den første i Ishockeyforbundets prosjekt.



God påske

Sluttar av etter 34 år på Varhaug

Hobby Maks A/S sluttar av etter 34 år på Varhaug. Eg fekk nyss om at nå var det over og ut med denne verksemda, som har vore på Varhaug sidan hausten 1974. Difor tok eg ein tur innom for å ta ein drøs med den siste tilsette, Knut Heng, som er butikksjef. Verksemda starta i Drangeid i Flekkefjord i 1962, og i 1974 kom altså avdelinga på Varhaug. Det har vore i alt 18 tilsette desse åra, der Magnus M. Håland er vel best kjent som dagleg leiar i mange år. I sjølve fabrikkproduksjonen var det 5-6 tilsette. I tillegg til alle treprodukta, har Hobby Maks hatt hobbyartiklar for ein kvar smak. Det er særleg treprodukta ein kjenner best til frå arbeid til ymse gutelag, barnelag, som har vore målgruppa, i tillegg



til institusjonar. Heng seier det har vorte eit generasjonsskifte her, nå er det meir populært med andre aktivitetar for dei unge, slik som allidrett, friluftsliv o.a. Difor har lønsemda minka. Dei siste 3 åra har det vore ein nedgang på ca. 30% kvart år. Til institusjonane har og salet minka, og truleg er grunnen til dette at pasientane vert eldre og mindre "arbeidsføre". At Hobby Maks A/S sluttar av vert trist for mange, sa aktivtør Grethe Lill Birkeland. Ho kom frå Riska Bo og Aktivitetssenter for å gjera ein siste handel samstundes som eg var der. På Riska har dei og snikkaravdeling, og frivillig på denne Ove Sølberg lurde

på kor dei nå skulle få tak i alle tinga dei hadde bruk for.


Hobby Maks A/S er eigd av Misjonsentralen A/S som er ei grein av N.L.M. Om denne verksemda nå sluttar av, har dei planar om ein gjenbruksbutikk i staden. Gildt at det er planar om noko nytt, men det er nok ikkje berre aktivtøren på Riska som vil sakna alle tinga ein kunne få i Hobby Maks A/S.

Eg takkar Heng for drøset og orienteringa.



Han skal slutta 1. april etter eit år i jobben, men seier han ikkje vert arbeidsledig. Han er heimvendt misjonær etter 5 år på Elfenbeinkysten, og har planar om å koma seg til varmen igjen, denne gongen til Mali.

Liv



NORGESHUS
Varhaug
BYGGMESTER
Jon Harald Håland as
Opstadveien 653, 4360 Varhaug
Tlf.: 51 43 07 70 - Mobil 911 811 67

HRD

HÅ REGNSKAP OG DATA
Daglig leder: Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 E-mail: runeo@hrd.no

Jæren Flis & Skifer as

ERIK JESSEN
Roslandsveien 311, 4343 Orre
Tlf. 51 43 55 78 • Fax 51 43 71 23
Mobil 905 11 987 • E-post: ej@hesbynet.no

VÅTROMS
GODKJENT

FLISER • SKIFER • MUR • PUSS

Skråblikk frå Sjur

Kattane på trammen har i alle år vore ei rik og god kjelde til samtalar i heimen vår. Siste året har diverre samtalane endra karakter. Våren 2007 var særskild fruktbar hjå oss, noko talet på kattar er eit sterkt vitneprov om. Dette har utvikla seg til opne konfrontasjonar, eit høglydt ordskifte og steile frontar blant oss som held til innandørs. Syna er ulike på om det verkeleg er naudsynt å risikere liv, lemmar, meniskar og lårhalsar med å måtte manøvrere mellom ein dryg handfull kjælna og alltid svoltne, musejagarar for å kome velberga frå garasjen til entrédøra. Eg har heile tida stått fast og heilhjarta på dei firbeinte sin barrikade, og er stadig på leit etter nye argument for artens eksistens. Eit av mine siste argument er at kattane sine lunefulle vegar mellom våre vaklande føter på barmark på ingen måte er så galt som tidlegare kalde vintrars balanseøvingar på stålis under 20 centimeter snøslaps.

For vintrane har endra seg. Mine trufaste og fargerike rovdyrverner på trammen har stadfesta tilstanden til vår kjære, men akk så skeive og alt for varme jordklode. Vi minnest alle dei mange flyreisande politikarane i påklistra klimasjokk som måtte til Bali i vinter berre for å semjast om å halde fram med å møtast.

Kattane våre, som er utstyrte med vêrhår, prova i vinter at det er naudsynt med strakstiltak i høve til vêr og uvêr. Det gjorde dei utan å sleppe ut meir enn nokre få gram CO₂ som følgje av uskuldig promp etter ei naudsynt dose Whiskas.

Våre omstridde husdyr trudde det var vår. Og det midt i mørkaste adventstida! Hormonsprengde hannar og hoer var brått ikkje til å kjenne att. Med ekstremt konsentrerte blikk og med lite oppbyggjande ulydar var dyra i full vårhæs alt medan Carola song O helga natt og mor kokte bayonneskinke og steikte pepar-kaker på kjøkkenet!

Denne observasjonen har ført til at familiefleirtalet har gitt dyra mellombels amnesti. Eg oppmodar med dette VIL om å arrangere Bali II på Varhaug i desember 08 i staden for Jærmessa i august. Kattakoret frå varme Varhaug midtvinters vil utan tvil overtyde den mest fanatiske klimatrussel-tvilararen. God og mild vår til alle – og stell godt med pus!

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinne-lag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Sekretær

Ingunn Helen Reiestad, bondelaget

Kasserar

Jone Bryne, Svala 4H

Styremedlem

Sigbjørn Varhaug, Vennelaget

Lerbrekk skule

Varamedlem

Sverre Aanestad, fråhaldslaget

Varamedlem

Steinar Malmin, skulekorpset

Redaktør


Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav
ein gløymlekleknad god.*

*Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grend "*



Varhaug Skulesjakklag, delt i to

Varhaug skulesjakklag er no delt i to, ein del på Varhaug skule, bomberommet på tysdagar (1715-1830) og ei gruppe på Vigrestad i det gamle biblioteket på torsdagar (1730 - 1845).

Me hadde ei samling laurdag formiddag 1. mars på Varhaug misjonshus, der me samla dei som speler skulesjakk i heile Hå til litt opplæring og ei lita turnering. Det vart berre 12 som deltok, eg hadde venta opp i mot 20, men sjukdom og idrett og andre avtaler gjorde at ein del måtte meldr forfall. I klassa for nybegynnarar var det 5 frå Motland og ein frå Vigrestad. I klassa for dei som hadde spelt ein god del, var det 3 frå Varhaug og 3 frå Vigrestad.

Spelarane ga uttrykk for at det var ei kjekk turnering, godt leia av Magnus Monsen. Matpause med pizza og brus hørde med.

Ikkje mange foreldre kom, men me hadde årsmøte og fekk valt nytt styre.

Kasserar Arnstein Skretting vert avløyst av Per Rugaard. Nye styremedlemmer vert Anna Stangeland og Erik Høidahl saman med leiar Per-

Arvid Jakobsen. Ein vart samde om at skulesjakklaget endra namn til Hå skulesjakklag sidan ein famnar elevar frå heile Hå no, og ikkje berre frå Varhaug. Årsmelding frå skulesjakklaget vert sendt til Varhaugbuen.

Det vert krets meisterskap for 4 mannslag frå barne og ungdomsskular i Rogaland søndag 9. mars. Då vonar me at vi kan ha eit lag frå Varhaug og 2 frå Vigrestad.

I regi av Rogaland skulesjakkutval vart skular i Hå i haust kontakta og spurt om dei kunne stille med lag som speler mot andre skular i Hå eller nabokommunar i skuletida. Varhaug skule stilte med 2 lag, Motland skule med eitt, medan Vigrestad ikkje ville vera med. På Jæren sjakkklubb på Bryne (tredje etasje i M44) som samlas torsdager kl 1900 - 2130 er det plass til sjakkspelarar i alle aldre og kjønn. Det har tatt lang tid å koma i gong, men no vert det oppstartsmøte og val av styre før påske.

Med sjakk helsing frå Per-Arvid

Resultata frå skulesjakk miniturnering Misjonshuset (nybegynnar):

- 1 Anders Henriksø
 - 2 Kristoffer Henriksø
 - 3 Morten Nærland
 - 4 Thomas Rimestad
 - 5 Dag Reime
 - 6 Runar Reime
- (dei som hadde spelt ein del)

1. Magne S. Hårr
- 2 David Gulaker
- 3 Alexander S. Håland
- 4 Ole Andreas Galtvik Berge
- 5 Kyrre Woldstad
- 6 Kris M. Reinertsen.



Ole Andreas Berge Galtvik (bak), Ole Madland, Kyrre Woldstad og Halvard Berge Galtvik

Rotary lagsjakk for barnes

I skulesjakkturneringa i haust spelte dei to laga frå Varhaug mot kvarandre i første runde. I 2. runde spelte dei mot lag frå Lye og frå Motland. Her kom Lye best ut, med Varhaug 1. et godt hakk føre Varhaug 2. og Motland. Varhaug laget ble best av dei laga som ikkje kom direkte til finalen, og vart med i finalen som siste lag. I finalen kom me til kort, sjå resultatet nedanfor. Men kanskje det går betre neste gong?! Bilete av laget frå Varhaug sy-

ner: Ole Andreas Berge Galtvik (bak), Ole Madland, Kyrre Woldstad og Halvard Berge Galtvik,

Lagsjakkserien for barneskoler i Sør-Rogaland har pågått siden september med deltagelse av 28 4-mannslag fra 18 skoler. Man har spilt i grupper på 4 lag. Gruppevinnerne og beste toerlag (Varhaug) spilte finale i Figgjohallen fredag 16. desember. Dermed vant spillerne fra Auglend også samtlige bestebordspremier og rensket boksta-



Årsmøte 2007

7. februar 2007 ble det avholdt et kort årsmøte. Det var enighet om at man skulle starte opp på Vigrestad også, siden det var såvidt mange spillere derfra. Det ble ikke foretatt valg av styre eller ny kasserer, dette vil bli gjort på årsmøtet i 2008. Fra mars var det spillekvelder på tirsdag på Varhaug kl 1715-1830, og torsdag 1730-1845 på Vigrestad i det gamle biblioteket.

Spillekveldene er lagt opp med litt visning på tavle, litt veiledning ved spillebrettet og ellers at man spiller mest mulig i korte turneringer, alle mot alle eller i grupper.

Varhaug skulesjakklag er det eneste i Hå, og det deltar en fra Nærbø og mange fra Vigrestad mens antall fra Varhaug har dabbet av. Til ungdommens sjakkforbund ble 11 gutter innmeldt som medlemmer for 2007, mens det var 22 året før. På høsten var det 8 andre innom på Varhaug, mens 5 nye på Vigrestad er blitt fast og blir med som medlemmer fra 2008.

Under kretsmeesterskapet for skolelag i Stavanger 29/3 stilte vi med 1 lag med 4 spillere fra Vigrestad, og et blandingslag fra Varhaug. Dette laget fikk bare 3 spillere, sykdom og andre

gjøremål gjorde at bare 7 kunne delta den dagen. Vigrestadlaget endte på 11.plass og Varhaug mix på siste plass. Mye uflaks. Flere har deltatt på BGP (Barnas Grand Prix) der en spiller i ulike klasser alt etter alder og erfaring. Resultatene har vært varierende, men en god del premieplasser har det blitt. Og premiesamlingen har vokst hos gjengen fra Vigrestad.

I skoletida på høsten 2007 har det vært arrangert lag konkurranse, der skolene i Hå var invitert. Varhaug stilte med 2 lag (der alle var eller hadde vært med i skolesjakklaget) og Motland stilte med 1 lag. Rektoren på Vigrestad nedla veto mot at elever fra Vigrestad fikk delta. Det ene Varhauglaget kom med i finalen og endte på 8. plass der. Denne lagturneringa er dratt i gang av Magnus Monsen, og våren 2008 er den i gang som "Rotary Lagsjakk". Motland og Varhaug stiller med 2 4 manns lag, mens Vigrestad nok en gang uteblir.

Lederen har skrevet om Varhaug skulesjakk i bladet Varhaugbuen som kommer ut 4 gang i året og dekker aktiviteter på Varhaug. Sjakk er kjekt.

Hilsen Per-A. Jakobsen



Frå redaksjonen

Eg lurar på om det er andre enn meg som er versjuk og lei av alt regnet? Heilt sikkert, men kva nyttar vel det. Det er ingen ting me kan gjera med, men får berre prøva å innretta oss lik at det ikkje får øydelegga dagane for oss. Nokre seier me får vera glad for at ikkje alt dette regnet hadde kome som snø.

Men eg trur det er mange som meg som hadde lika seg med litt snø. Det kom nokre byger her om dagen, der det og var teikn til rennedrev, men kva nyttar vel det når det kvite forsvinne etter nokre få timar. Nei, seier andre, nå er me kome til mars, og då skal me ha vår. Og våren er vel noko me alle ser fram til. Då vert me lysare til sinns, og den bora som har tynga litt på skuldrene i vintertida forsvinn.

over. På årsfesten til idrettslaget fekk eg VIL sitt heidersteikn i gull. Det sette eg umåteleg pris på, og eg vart både rørt og mållaus då Erling tok til å ramsa opp det eg hadde gjort i idrettslaget. Det var vel mest for arbeidet eg hadde med VIL-bladet i mange år som gjorde utslaget. Men det må eg seia: det var travelt mange gonger å få bladet til, men du så gildt det var. Eg har berre gode minne frå det arbeidet. Når ein er med og gjer ein frivillig innsats, reknar ein ikkje med å få så mykje for arbeidet, litt godord er som regel nok. At eg nå vart heidra av VIL etter at eg hadde slutta med "jobben" var difor

God påske til dykk alle.

Skoler i Sør-Rogaland

velig talt premiebordet. Laget besto av Andreas Anda, Vegard Anda, Eldar H. Torkelsen og Thomas Lothe Dal - ledet av en meget stolt rektor Arvid Bore som kunne ta med seg den flotte vandrepokalen for oppbevaring inntil neste korsvei.

Serien fortsetter i januar med ny finale i slutten av april og serien er om døpt til Rotary Lagsjakk

Sandnes, 15.12.2007

Magnus Monsen

Resultater skulesjakk haust 07

	lag	individuell
1. Auglend	5,0	56
2. Figgjo	4,0	47
3. Hafrsfjord	3,5	47
4. Røyneberg	2,5	38
5. Frøyland	2,0	38
6. Eiganes	2,0	36
7. Lye	1,0	34
8. Varhaug	0	24



Kunstutstilling på Lerbrekk skule



Det er med glede me ynskjer Karen og Katharina hjarteleg velkomne til Noreg og Lerbrekk skule.

Frå 1. til 30. mars 2008 er det kunst og salsutstilling. Me er alt godt i gang med dette når du les dette, men både laurdag 15. Og sundag 16. + laurdag 29. og sundag 30. mars er det høve til og sjå og oppleve utstillinga. Me held stengt i påskehøgtida. Dei to som stil-ler ut kjem frå Danmark.

Karen Rød er malar. Ho var på Lerbrekk skule med utstilling for to år sidan, så nokre kjenner henne frå før. I mellomtida har ho vore i Noreg med utstilling både på Fotland Mølle og Brukskunstmessi i Sola. Kan nemna at Karen og mannen, Kristian, flyt- tar til Noreg denne våren. Dei har "fundet et dejligt område i Heddal v/ Notodden hvor Karen vil indrette sig med sin malerskole og galleri, på same måte som hun havde i Danmark".

Karen Rød er født på Fyn, men har og budd ein periode i Sverige. Ho har m.a. delteke på kurs på Århus Malerskole. I 2001 starta ho sjølv med "Karens Malerskole" og i 2005 opna ho "Galleri Karen"

Tema for maleria henn- nes denne gongen er "Mellom himmel og hav", som m.a. be- tyr naturalistisk stil.

Ho prøver å få fram ei opp- levning av kva der fins mel- lom himmel og hav, gjen- nom til dels sterke farger. Katharina Fis- cher er skulp- tør. Ho kjem frå Ebeltøft. Ho

har m.a. og delteke med utstilling på Brukskunstmessi på Sola. Katharina seier om sin uttrykksform: Dei rå, rei- ne og runde former står i kontrast tol alle dei firkanta former "jeg forsøge at formidle no dybere og harmoni i en ofte urolig verden"

Dette prøver ho å uttrykke gjennom tema som: "Sanseligheden, kærlighe- den, mennesket, dyrene, englene, na- turen m.m."


Katharina har vakse opp på eit ke- ramikkverkstad, då faren var kerami- kar. So ho har alltid leika med leire, fortel ho. Etter å ha prøvt seg med litt forskjellig, vende ho tilbake til det ho hadde aller mest lyst til. Då vart det m.a. Holbæk Kunsthøjskole og Skulp- turskolen i Århus, samt undervisning frå Kunstakademiet. Dette har ført til at ho m.a. har lært seg ein gamal japansk glassurteknikk som kallast RAKU.

Det er med glede me ynskjer Karen og Katharina hjarteleg velkomne til Noreg og Lerbrekk skule. Så håper me at mange vil finna vegen til det gamle skulehuset ennå ein gong. Kom å sjå og opplev både det restaurerte huset, og sjølv den spennande utstillinga.

Medlemer i Vennelaget ordnar det slik at du får kjøpa kaffi og gode va- fler og liknande, og kosa deg i lag med andre rundt eit bord.

Alle er hjarteleg velkomne.

For Vennelaget: Sigbjørn Varhaug.



Frå opninga av utstillinga

Sigbjørn, Astrid og Kjellaug lyttar til den fine musikken som Irene, Agnes, Arild og Anne Marie spela for dei frammøtte. Det var veldig populært for utstillarane då dei både tok "Jeg er havren" og "Om lidt er kaffen klar". Seinare kom dei nye songbøkene fram, og då song me både desse og mange andre fine songar. Karen og Katharine fortalde og litt om seg sjølv, og så var det klart for kjøp og sal av både kunsten og kaffen.



LØRDAG 31. MAI OG SØNDAG 1. JUNI

Salgsutstilling trearbeid

kjem JOHN MÆLAND frå Malmheim med sine flotte trearbeid.

Alle er velkomne til ei fin helg med mykje flott trearbeid. Det vert kafé som vanleg.

Gå inn på www.galleritre.net å ta ein kikk på arbeida hans før du tek turen til Lerbrekk.

Graudafest


Eg trur eg skreiv i fjor at jula varer heilt til påske. Difor tek eg med referat frå graudafesten til Vennelaget. Det er som kjent betre seint enn aldri. (red. anm.)

Lerbrekk skulehus sitt Vennelag hadde graudafest 5. Desember. Klokka 1900 var mest 70 menneske samla i den "nøra ståvå". Ute var det surt og kaldt, mens inne var det som vanleg varmt og godt. Borda var dekkja til fest med raude lys, blommar og serviettar. Vennelaget har kjøpt songbøker, som ein skal bruka ved laget sine aktivitetar. Desse innvigde me i kveld, og dei vart godt tekne imot av lagets medlemmer.

Sigbjørn ynskte velkomen, og me song Gud signe Noregs land. På orgelkrakken som vanleg Brit Obrestad. Anne Sofie og Per Haarr var med oss. Anne Sofie fortalde frå barndomstida si. Ho byrja med adventstida og forventningane fram mot julekvelden. Det var mest som me kunne kjenna lukta av både granbar, ribba og surkål. Og ikkje minst alle luktene frå julebaksten.

Anne Sofie og Per song også fleire fine songar saman. Anne Sofie var og veldig god til å bruka det gamle orgelet i stova. Etter at graut, lefse, saft, kaffi og småkaker var servert, selde me lodd, for utlodding har me alltid. Etterpå fekk Anne Sofie ordet att. Ho gratulerte Vennelaget med det fine huset. Ho hadde høyrte om det, og var veldig glad for at ho fekk vera med oss. Ho las og juleevangeliet. Innimellom nytta me den nye songboka, og songgleda var stor. Me var innom mange av våre kjære songar, og avslutta med Deilig er jorden. Sigbjørn ynskte alle ei gode adventstid og ei god jul.

Aud.



SpareBank 1 SR-Bank

Trivselsagentane hadde laga leiker

Fredag 8-10. februar arrangerte 4H Rogaland saman med Fjellbygdå 4H styrevervskurs på Svi-land. I alt møtte det ca 170 medlemmar frå ulike klubbar, deriblant 5 medlemmar frå Svala.

Me ankom Svi-land i seks tida, og registrerte oss samt å rigga oss til i gymsalen på Svi-land skule. Klokka halv åtte fekk me kveldsmat i samfunns-huset, og litt info generelt om tryggleiksreglar og diverse. Deretter vart me delte inn i dei ulike sty-verva og byrja kursa. På kursa hadde me mange kjekke bli kjent leikar samt å læra om styrevervet.

Om kvelden kunne me vera i miljøtorget. Der var det sal av is, frukt og kiosk varer. Trivselsagentane hadde òg laga til leikar og underhaldning, samt funne fram ulike spel me kunne kosa oss med. På laurdagen haldt me fram med kursa, og om kvelden hadde me festmiddag med underhaldning. Klokka 08.15 på søndagen var det frukost, og det var mange trøtte, men blide fjes som møtte i samfunns-huset Etterpå var det pakking og rydding av sovesalen, før me byrja førebuinga til årsmøtet i 4H Rogaland. Alle skulle vera med på årsmøtet for å læra korleis det føregjekk. Nokre var observatørar, mens andre var årsmøtedeltakarar. Sjølv møtet byrja kl. 11.00 og varte fram til middagen kl.14.00. Etter middagen stod heimreisa for tur.

Det var ei kjekk og lærerik helg.



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



FARGERIKE Halvorsen
Varhaug
Tlf.: 51 43 03 06 / 51 43 05 97

Kjøttforretning
Delikatesse
Selskapsmat

R. SKRETTING A/S

Tlf. 51 43 02 16
4360 Varhaug



KOLDTBORD • SMØRBRØD • SPEKEMAT

Lensmannsgarden

Lesarinnlegg frå Kjetil Skrettingland

Gardstunet Lensmannsgarden på Varhaug er bygd i omlag 1930 med våningshus og løe, og representerer eit flott gardstun frå denne tida. Lensmannsgarden er eigd av Hå kommune, og inngår i Kulturminneplanen som omhandlar m.a. bygningar med verneverdi. Gardstunet på Lensmannsgarden er sett i vernekategori B. Administrasjonen i Hå kommune har tidlegare innstilt på å riva løa. Utan løa har gardstunet liten verneverdi. Løa var då i generelt god stand etter alderen bortsett frå delar av taket som hadde viktige manglar. Frå politisk hald vart det i staden for å vedta riving avsett 400.000 kroner for å gjera dei viktigaste reparasjonane med dugnadsarbeid. På bakgrunn av dette vedtaket i kommunestyret i 2005 er det no utført omlag 2000 timar dugnadsarbeid. Heile taket er fullt ut reparert, og fleire vegger har fått ny kledning. Omlag 150.000 av dei avsette midlane er brukte.

Etter initiativ frå foreldre i Lens-

mannsgarden barnehage, som ligg like ved, innstiller administrasjonen i Hå kommune igjen på at: "Løa på Lensmannsgarden vert riven. Prosessen med riving startar straks saka er politisk handsama". Eit verneverdig gardstun i generelt god stand, og som er i kommunalt eige, bør ikkje rivas utan svært god grunn. Med rett kompetanse, vilje og med kreativitet gjev gardstunet med hus og løe t.d. eit unikt høve til å laga eit spanande leikemiljø. Det alternativet til riving som til no er utgreidd er altfor omfattande og dyrt. Langt meir kostnadseffektive løysingar må utgreiast.

Når tilrådinga om riving av løa på Lensmannsgarden skal handsamast politisk vil det vera rart om det ikkje vert vedteke å fullføra reparasjonsarbeidet i tråd med tidlegare kommunestyrevedtak. I staden for å fokusera på riving må me vera kreative og leita etter ei god og kostnadseffektiv løysing for korleis me skal nytta gardstunet på beste måte.

Varhaugmarken 2008

Vi har den glede å kunne ønske velkommen til den 27. Varhaugmarken i rekken, som i år arrangeres 6. og 7. juni. Komiteen er godt i gang med planlegging av årets marken og inviterer deg til å være med som utstiller/deltakerer.


Vi starter opp kl 17 på fredagen og har åpent til kl 21. På lørdagen foregår marken frå kl 09 til 15.

For organisasjoner/foreninger er det gratis å delta. Prisen for næringsdrivende/bedrifter er kr 750 for deltakelse. Prisen for telteleie er for alle kr 750,-.

Vi ønsker at påmelding skjer innen 5. Mai. Har du spørsmål om arrangementet, nøl ikke med å ta kontakt!

Markenskomiteen 2008

Morten Tjemsland	91 39 02 39
morten.tjemsland@varhaug.mega.no	
Håvard Skretting	51 43 02 16
Alise Ånestad	99 16 59 05
Gordon Bøe	41 50 53 67
Heidi Dubland Bø	412 76 679



Utflyttarar møtte mange kjende på A



Lørdag den 5. januar vart dagen for Auestadbasaren i år. Den tradisjonelle basardagen er 6. januar, men sidan datoen i år kom på en søndag, vart basaren flytta til lørdagen. Veret var ikkje det beste, med sterk vind og snø. Me hadde ikkje så store forventningar til frammøte, men folk var trufaste og misjonshuset fyltest opp. «Gode klede, då gjer det ikkje noko om veret er dårleg»

Oddveig Moi ynskte dei frammøtte velkommen. Talaren Lars Sigurd Tjelle skulle koma med tolv toget, men det var forseinka. Holger Kjølvik spela på trekkspel og song. Etterpå vart det seld nummer. Toget kom til slutt, og det blei andakt.

Etterpå vart det matøkt med kaffe og mykje god mat. Folk kosa seg. Her trefte fleire utflyttara gamle kjende og drøset gjekk. Då det var tid for trek-



Nybygg, påbygg og
rehabilitering

4360 Varabug • tlf. 975 21 200 • 51 43 07 34

Magnar Hellenen



A: Varhaug - Opstavn. 623 - N: www.hauck.no
T: +47 51 43 05 66 - F: +47 51 43 13 55



RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18

Auestadbasaren

ning starta det med barneutlodning. Nokon ungar vart glade fordi dei vann. Andre vart leie fordi dei ikkje fekk gevinst.

Hovudtrekkninga blei unnagjort. Dukar, sengetøy, koppar, fat og kaffekanner fekk nye eigarar.

Då basaren var over var også snøveret over. Folk kunne nå koma seg trygt heim. Det kom inn omtrent femtinitusen kroner som vart sende til

Det Norske Misjonsselskap, der Auestadforeininga er tilslutta. Det kan og nemnast at Auestad kvinneforening er 130 år. Me vil takka alle som støtta Det Norske Misjonsselskap gjennom Auestadbasaren. Neste år er det igjen tid for basar den 6. januar klokka 12. Alle er hjarteleg velkommen.

Myrthle Tjemsland



Nytt frå Misjonshuset

No er det full fart på Misjonshuset. Møteveker, basarar og samlingar for ulike aldersgrupper. Du er velkomen innom. Når det gjeld utleige til konfirmasjon, så er det for seint å melde seg på for i år. Men om lag 1.mai trekkjer vi blant dei som ynskjer leige 3. mai 2009. Frå programmet framover, kan me nemne:

- 16. mars vert det tradisjonell
- palmesundagfest i regi av Normisjon.
- 27. mars vert det årsmøte for Misjonshuset.
- 30. Mars skal skulekorpset ha vårkonsert.
- 3. april skal NMS gutelag ha basar.
- 4. april er det ryddesal av mellom anna brukte møbler frå Misjonshuset.
- 5. april er det konsert med KORIDE
- 27.mars er det storsamling "på kross og tvers"
- 1. mai er det "song og fiskesuppe" med Normisjon.
- 17.mai vert det nasjonalfest på Misjonshuset som vanleg.
- Annankvar onsdag er det "Vi over 60" treff i matsalen kl 1400.


Sjå elles møteprogrammet for Misjonshuset, det finn på internett og møtene vert annonserte på oppslagstavler på SPAR og handelslaget og på misjonshuset.

Internettsida til Misjonshuset er: www.varhaug-misjonhus.no

Det er kontortid måndag og torsdag frå 19.00 til 21.00 og telefon er 51430808

Velkomen til Misjonshuset.

Per-Arvid





Varhaugbuen ryddar jern

Det har etter kvart vorte ein tradisjon at bondelaget har jerninnsamling. Veret denne laurdagen var ikkje det heilt store, men det hindra allikevel ikkje mange frå å koma med jernskrap. Det er godt å få eit påskot til å verta av med denne "rabben" som ligg i krokar og tek opp plass. Dette året hadde endatil ein lastebil funne vegen inn i klypene til Jarle Waldeland, som vanleg styrte gravemaschinen med stødig hand. Det kom inn 3 fulle containere. Antal kilo er i skrivande stund ikkje klar.

Status Coop Varhaug

Coop Varhaug feirer denne måneden 100års jubileum. Dette jubileet hadde vi håpet å kunne feire i en ny flott butikk, men slik ble det dessverre ikke. Prosessen med å komme i gang med bygging av ny butikk har tatt lenger enn vi skulle ønske, men ser nå heldigvis ut til å gå mot slutten slik igangsetting kan startes.

Grunnarbeid i april/mai 2008

Det har blitt utarbeidet bebyggelsesplan for Varhaug sentrum nord. Planen har vært ute på høring og ble den 26/2 godkjent i teknisk utvalg i Hå Kommune. Bebyggelsesplanen skal videre behandles i fylkeskommunen den 11/3. Blir planen godkjent også her, kan det søkes om igangsetting av bygging, og forhåpentligvis starte opp med grunnarbeid i april/mai måned.

Utbygger av forretningsbygget med tilhørende leiligheter der Coop Var-

haug skal eige første etasje er selskapet Blikk 42. Bygging vil starte med så snart som alle formaliteter er i orden og forventet byggeperiode er omtrent 1 år før ny butikk er ferdigstillet.

Pågang fra flere interessenter

Prosessen med gjenbruk av nåværende lokaler er godt i gang og vi bruker ekstern hjelp i denne prosessen. Til tross for lite markedsføring av ledige lokaler utenom "ryktebørsen" har vi hatt pågang fra flere intressenter. Dette er både tunge etablerte virksomheter på jæren og nyetableringer.

Vi går en spennedes tid i møte med bygging og utleie av eksisterendes lokaler, og ser alle med stor glede fram til at vi kan ønske alle våre gode kunder velkommen i en ny flott coopbutikk på varhaug!

Stoffristar Varhaugbuen 2008

- Nr. 2 kjem ut før Marken, og stoffristen er 21. mai.
- Nr. 3 skal ut 16. september, og stoffristen er 2. september
- Nr. 4 er julenummeret og skal ut for me tenner julegrana.
- Stoffristen er difor 23. november.

Men har de noko de ynskjer å få med i bladet, kan de berre levera det til redaksjonen etter kvart. De treng ikkje venta akkurat til fristen går ut.

Får du Varhaugbuen?

Det er ikkje alltid like lett for "postbuda" våre å finna postkassane. Får du ikkje Varhaugbuen, så ta kontakt enten med styret eller redaksjonen, så skal me ordna dette. Varhaugbuen går gratis til alle husstandar på Varhaug.

Årsmøte Varhaugbuen

Dette vert måndag 7. april på Internatet. Kvar organisasjon som er medeigar, har høve til å møta med ein representant med røysterett. Men møtet er ope for interesserte observatørar utan røysterett. Saker de ynskjer å ta opp på møtet, bes sendt til styret før 1. april.



Vi har pusset opp lokalene
våre på Varhaug!

Velkommen innom i Rådhusgt.3
for gode råd om finansiering og plassering.



www.time-sparebank.no Tlf. 51 79 83 00

TIME  SPAREBANK
- for Jæren

Svolten?

*Me har det mesta
som får deg
god og mett!*



BØEN STORKIOSK

S P I L L O G K I O S K V A R E R

 **TIPPING**
WWW.NORSK-TIPPING.NO

V75  **TOTO**

Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55 • Åpningstider: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30 • Søndag 10.00 - 22.30

Alkohol, eit samfunnsproblem?

FAKTA:

- 100 000 nordmenn misbukar alkohol.
- Meir enn 100 000 born gruar seg til jul på grunn av at foreldre misbrukar alkohol.
- Kvart år døy 400 nordmenn der alkohol er grunnen.
- 80% av vold skjer under påverknad av alkohol.
- Ein tredjepart av korttidsfråvær på arbeidsplassane skuldast alkohol.
- Politi og rettsvesen kostar samfunnet 5,7 milliard kroner kvart år på grunn av alkoholrelatert kriminalitet.

Varhaug Fråhaldslag hadde eit festleg samvær før jul, der tidlegare ordførar i Lund, Kjell Erfjord var med oss og heldt eit både engasjerande og interessant foredrag om nettopp desse problema. Han kunne fortelja at anslagsvis 230 000 barn veks opp i heimar der alkoholen er eit problem.

Han meinte det var viktig å synleggjera kostnadane både for den enkelte og for fellesskapet, og at skule, lag og foreningar burde gje meir informasjon om dette. Avhaldsfolk er rollemodellar ved å ha ein glad og edru livsstil. Det er dessverre også viktig å ta opp alkoholbruken blant dei kristne. I solidaritet med dei svake i samfunnet.

Me har kamp mot narkotika, og det er viktig. Me har fått ei røykelov på grunn av helseskader, men alkoholen som er det største problemet er det vanskelig å få gjort noko med. Kankje, seier Kjell Erfjord, er det for mange polititikarar som sjølv er glade i alkohol. Han var også uroleg for aukande alkoholbruk blant dei kristne. Det er liten interesse for

å strama inn skjenketid, begrensa salstader, leggja på høgare avgifter og andre restriksjonar som me veit er dei mest effektive middel for å redusera alkoholbruken. Kjell Erfjord avslutta foredraget sitt med å påstå at det er me avhaldsfolk som er dei mest normale som ikkje treng noko ekstra stimulans i form av alkohol.

Elles var fengselsmusikken frå Stavanger med oss og gledde oss med songen sin. Dei kjem frå eit miljø som kjenner denne baksida. Og dei er ei stadfesting av dette som Kjell Erfjord heldt fram.

Me hadde også ei lettare servering og åresal, før formannen i Rogaland krets av Det Norske Totalavholdsforbund, Harald Johnsen frå Stavanger avslutta med andakt og appell til oss om å engasjera seg i fråhaldsarbeidet vidare. Det er ein appell som me i Varhaug Fråhaldslag vil støtta, og vil gjerne ha deg som har syn for dette om å vera med oss i laget. Og, som det vart sagt på festen, det er ikkje for vår skuld me arbeidar med dette, men det er tanke på dei unge og dei som lever under eit massivt drikkepress, godt støtta av sterke kapitalkrefter, ikkje minst gjennom massemedia.

Me ser gjerne at du tek kontakt med oss! Til slutt ein honnør til Hå kommunestyre som gjekk inn for reduksjon av skjenketida.

På vegne av Varhaug Fråhaldslag:
Sverre Anestad

Grødelandsstemmen Vel

Når det ein sjelden gong er skøyteis på Grøden, er det alltid ein fast gjeng som samlast for å kosa seg på isen. Men kva gjer desse når Grøden ikkje er islagd? Jau dei har fått ein time i Ishallen i Loen. Lørdagar frå kl. 17-18 har 6 til 13 lengdelauparar kosa seg på isen i Loen. Dette får dei halda fram med til 4. April, fortel Harald Bratland, ein av den "gamle garde".



Vervekampanje: "Alle spør en"

På januarmøtet var Olaug Ravndal og synte oss korleis me skulle vaska og stelle klede av lin. Ho viste oss både dukar og bunadsskjorte, som ikkje skal strykast etter vask, men glattast med natursvamp. Linkleda skal heller ikkje vaskast med vanleg såpe, men med såpespon. Resultatet vart heilt utruleg. Når lin vert glatta med varmt strykejern vert slitasten stor og den krøllar og fort. Olaug hadde med seg både svamp og spon som me fekk kjøpa. Det er fleire som har prøvt seg på dette heime, og der resultatet har vorte kjempebra.

I tillegg til dette var Hanne Elise Lindal og snakka om VM i saueklypping som skal vera i samband med Bjerkræimmarken 2.-5. oktober, og der medlemmar av bygdekvinnelaget har lova å vera med på dugnadsarbeid.

Februarmøtet var på Lerbrekk skule der Rønnaug Tunheim fortalde om og viste oss strikkeklede sine, som er eigen design og produksjon. Ho har verkstadutsal på Gudmestad 1.5 km frå Nærbø sentrum. Rønnaug hadde med seg fleire modellar me fekk prøva, og passa ikkje størrelsen heilt, kunne me berre bestilla enten ein større eller mindre, og i den fargen me ynskte. Klede har spanande fasongar, og det er 40 flotte fargar å velja mellom.

I mars har me ikkje hatt eige møte, sidan det var sonemøte på Bore. Då er alle bygdekvinnelaga på Jæren samla. Det er vanleg på desse sonemøta med skikkelig program, og i år var det kreftsjepleiar Ragnhild Stangeland

som fortalde frå arbeidet sitt med kreftsjuke, og ikkje minst med dei pårørande. Ho var veldig god å høyra på, og det ho formidla ga oss alle noko å tenkja på. Overskotet på kvelden gjekk til det førebyggjande arbeidet ho driv med.

Etter at me hadde fått bondesuppe/brød, kaffi og kaker kom "Åtteren" og underheldt. Det er 8 vel vaksne menn som har sunge saman i mange år, og det såg ut som dei kosa seg saman med alle damene.

Aprilmøtet vert som tidlegare i arbeidsstova Krånå på Klokkeartunet (tidl. Klokkegarder). Her vert det underhaldning av ymse slag, og høve til å kjøpa mat og kaffi.

29. mai vert det busstur til Terland og det flotte hageanlegget der. Bussen går frå Varhaug kl. 15.00

Til bygdekvinnelaget sine arrangement er alle velkomne.

Strikke-kafèen.

Siste gongen i vår vert måndag 7. April. Men er det interesse for det, startar me opp att til hausten. Norges bygdekvinnelag har sett i gang ein vervekampanje for 2008 med mottoet "Alle spør en". Så får du spørsmål frå naboen eller ei veninne om å vera med oss i laget, så vær positiv og sei JA!

*Helsing styret i Varhaug
Bygdekvinnelag*





Gliser over plast-is



Foto: Brit Romsbotn, Jærbladet

Dette kunne ein lesa på 1. sida i Jærbladet 7. mars. Og det kan sandeleg tren-gast med plast-is sidan Grøden kun har vore brukandes eit par dagar denne sesongen. Ishockeyforbundet har eit prosjekt som går ut på å få i stand 70 slike isbanar til ein kostnad på 3,5 mill. rundt om i Noreg. Isen på Varhaug var den første som vart ferdig i dette prosjektet. Då redaksjonen ikkje var til stades un-der opninga, har me velvillig fått låna bilete av Jærbladet.

Hårrock & skulekorpset



Søndag den 30 mars arrangerer Varhaug Skulemusikkorps konsert på Varhaug Misjonshus. Det er ekstra kjekt at Hårrock også vert med. Dei skal spele egne nummer, samt at me får være med på nokre. Aspiranter og juniorer stiller og med egne innslag. Elevar frå Hå Kulturskule vil være med å fylle opp korpset, som vil verta dirigert av Lars Ole Bergersen. Me håper at mange vil legge turen innom denne søndag ettermiddagen.

Skjerv til Varhaugbuen?

Sidan responsen har vore god dei andre åra, legg me og med ein giro i første nummeret av 08 som kan nyttast til å gje ein skjerv til Varhaugbuen. Me vonar på like god respons som tidlegare år.

Gjesteskribent

Som de vil sjå har Varhaugbuen fått ein gjesteskribent. Sjur har lova å koma med litt til kvart blad framover, og det er me glade for.

Det er og høve å koma med innlegg om ting og tang som skjer i bygda, og som kan vera av almen interesse. Har de noko de brenn for, så ta kontakt med ein i styret.



Aktivitetsklubba til Varhaug BU



Lørdag 26. Januar arrangerte me tevlingsdag for Rogaland BU. Der sko det tevlast i grønt og grovt(lag), bord-dekking med barneselskap som tema, swing (innledande rundar) og eksteriørbedømming av ku, gris, hest og sau. Eksteriørbedømminga var sjå Inge Skretting og Kristin Søyland på Reiest. Dei andre tevlingane på Varhaug ungdomskule.

Ingen frå Varhaug vant nokon av tevlingane, men Gunn Årdal fekk 3.plass på sau, hest og gris. Olav Varhaug fekk 2.plass på sau og 4.plass på storfe. I grønt og grovt fekk laget frå Varhaug BU 3.plass (Odd Arne Haugstad, Gunn Årdal og Solfrid Kyllingstad). Gunn Årdal fekk 2.plass på bord-dekking og i swing hadde me ikkje nokon frå Varhaug med. Me hadde bare deltakarar på senior med i tevlingane.

Vil gje en store takk til Ingve og Kristin for lån av fjøs og løa til eksteriørbedømminga og Per Erik Skretting for lån av sau og gris. Og en store takk til Varhaug Ungdomskule, der me lånte kantina og gymsalen.

Årsmøte og årsfest Rogaland BU

Fredag 15. og Lørdag 16. januar sko me arrangera årsmøte og årsfest for Rogaland BU. Me leigte den gamle

salen på "Iden" til både årsmøtet og årsfesten. Årsmøtet starta på fredag kl 6 og slutta litt over 9. Så va det på an igjen kl.9 på lørdag. Møtet gjekk som vanligt sin gang, og det kom som en liten overaskelse på representantane frå Varhaug BU då dei blei tildelt aktivitetsprisen "Aktivitetsklubba" for 2007. Me vart litt satt ut med ei gong, men etter ei stund var me jo selvfølgelig glade og stolte øve det. Møtet vert avslutta kl.4. Så var det tid for den største festen for året. Det var litt over 150 påmeldte til middagen, noe som var ganske godt over snittet for dei siste åra. Me fekk middagen ein gong mellom 8 og hall 9. Det var trengt om plassen i den gamle salen og stolane stod omtrent i kvarandre mellom bordene men servitørane frå bondelaget og bygdekvinnelaget prestet seg "imjodla" og fekk maten ut på bordet. Etter maten og desserten var servert var det tid for utdeling av premier til tevlarane som hadde utmerka seg ekstra godt i fjor. Der fekk Odd Arne Haugstad 1.plass FM eksteriørbedømming 4-kamp senior, Egil Hobberstad 3.plass FM grilltevling senior og 3.plass FM Kryddertevling senior og Olav Varhaug fekk 3.plass FM eksteriørbedømming 4-kamp senior. Etter utdeling av premier var

ferdig vert festfolka sendt utføre så det kunne gjerast klar til swing-finale og festen.

Etter 2 dansar ,(mellom-rask og rask) vert vinnarane kåra. Tidligere VBU'ar Gro Aanestad, Thorbjørn Waage frå Gjesdal BU stakk til slutt av med seieren. Så var det tid for fest, dans og "alt dæ andra galna". Kl. hall 2 byrja det å dabba av og dei fleste tok turen heim ut på byen. Så var det tid for rydding og vasking. Her tok styret i Rogaland BU seg av det mesta med litt hjelp av nokon få andre så ikkje hadde noko betre å ta seg til.

Takk til bondelag og bygdekvinnelag

Me får sei takk for lånet av gamle salen på Idrettshuset. Og ein KJEMPESTORE takk til Varhaug Bondelag og Varhaug Bygdekvinnelag som stilte på dugnad som servitører, dørvakter og var med og holdt orden og ryddighet både på kjøkken og ellers på festen. Det gjorde det mykkje lettare for oss å halda denne festen. Så tusen takk en gong til.

Hyttetur til Krågeland

7-9 mars arrangerte me hyttetur til Krågeland der me hadde bestilt 2 luksus-hytter. Me hadde invitert med folk frå nokre andre lokallag i Roga-

land. Det var 30 feststemte bygde-ungdomar som tok turen opp, klare for ei helg med bading, quiz, swing, ski å mykje anna løye. Utøve fredagskvelden vert både badstu, boblebad og basseng flittig brukt.

På lørdagen reiste ein gjeng opp til Ådneram skitrekk for å leka seg litt i bakken. Dei som var igjen i hyttene brukte dagen på handling, kortspel og litt tv-titting, og selvfølgelig nokon turer i bassenget. Etter folk hadde fått i seg kveldsmat i begge hyttene så var det klart for quiz. Det vart delt inn i lag for musikk- og film-quiz. Det var stort engasjement i dei fleste laga og det såg ut som dei fleste hadde det jillt med det lille opplegget me hadde for turen. Etter quizen var ferdig fortsatte festen med bading, synging og dansing.

Då me stod opp på søndagen måtte me bruka nokre timar på rydding og

vasking. Rekne med at alle som var med hadde ei "kjempejille" helg. Dette skal me gjer igjen.

Travel start på året

Det har vore en travel start på året for Varhaug BU med ansvar for tevlingsdagen, årsmøtet og årsfesten.

Utover våren så ska me arrangera nytt swingkurs for nybegynnarar, med påfølgande kurs for vidarekomne, få gang på swingkvelder, ha tevlingskurs i eksteriørbedømming og grønt og grovt, paintball og innebandy 1 gong i veka. Å så skal me få ferdig uteanlegget utføre "internater".

Leder i Varhaug BU, Olav Varhaug

Årsmøte Vennelaget for Lerbrekk skule

Dette vert onsdag 26. Mars kl. 19.00. I tillegg til vanlege årsmøtesaker har Brit Obrestad songval med kommentar. I tillegg kjem Sigbjørn Varhaug med glimt frå Møllehistoria på Varhaug.

Grill-kveld

Merk dykk alt nå torsdag 24. Juli. Då har Vennelaget for Lerbrekk skule den tradisjonelle grillkvelden.

Handelslaget 100 år

Varhaugsbuen ynskjer Coop Mega, eller Handelslaget, som mange av oss framleis seier, lukke til med 100-årsjubiléet. Redaktøren var på arbeid denne dagen, og var ikkje med på bløtkakefesten. Men eg har lest gjennom boka "Litt mitt og litt ditt", der både noko frå tidlegare bøker til 50- og 75-årsjubiléet var med.

Ei fin og gild bok med mykje historie.

Liv





Nystekte brød hver dag i påsken

Påskefilmer • Grillmat • Hamburger
Pølser • Påskesnop • Kortstokk og
Yatzy • Engangsgrill

Åpent hele
påsken



Som medlem i Coop
får du + 30 ore
pr. liter drivstoff



Varhaug - Tlf. 51 43 02 33

VVS EKSPERTEN
DET ER RØRLEGGEREN DET KOMMER AN PÅ



RØRLEGGER TEAM AS

Opstadvegen 621, Varhaug • Tlf. 51 79 83 10

Mandag og onsdag 7.00 – 15.30 • Tirsdag og fredag 7.00 – 16.00
Torsdag 7.00 – 18.00 • Lørdag 9.00 – 13.00